

Suksess-debutant Geir Olav Jørgensen les frå "Mono" i røykstova på Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Bygdetunet Rød og godseigar Hallvard Rød opna laurdag ein ny kultur-arena i Uskedalen: Bok-kveld i røykstova. Kollisjon med eit anna arrangement gjorde frammøtet skralt, men godseigaren lovar å freista på ny. Denne første gongen hadde han både ein suksessdebutant og ein bildeboksnikkar på programmet.

Suksessdebutanten var romanforfatteren Geir Olav Jørgensen frå Husnes. Han las eit utdrag frå 'Mono', som kom på Cappelen i august og som har fått strålende kritikkar landet rundt. Stavanger Aftenblad har kalla boka ein knalldebut medan Haugesunds Avis har spandert terningkast fem og Dag og Tid meiner at dette er ein av dei sterkaste debutantane denne hausten. Vårt Land nyttar jamvel ordet 'Grensesprengande' i si omtale.

Bildeboksnikkaren var Otto Erslund, busett i Bergen men frå Stord og med anar i Kvinnherad, Han gav ut ei bok om 'Dei fine fergene' i fjor og i år er han på marknaden med ei bok som han har kalla 'Frå krigsskip til flaggskip'. Dette er historia om dei utrangerte, britiske ubåtjagarane som vart passasjerskip i Noreg etter tenesta i siste krig. I ombygd skikkelse vart krigsskipa til passasjerbåtane Sunnhordland, Sognefjord, Haugesund, Stavanger, Sunnfjord og Jylland og dei var i trafikk langs kysten frå 1947 til 1983.

Dei fem første gjekk i kyst-trafikk medan Jylland var danskebåt. I tillegg kom ein lastebåt som enda på Fillippinene.

- Det var ei anna tid. Vi var nødt til å resirkulera, var Erslund sin konklusjon.

Samstundes innebar desse båtane ein liten revolusjon i kyst-trafikken med ein langt høgare standard enn før krigen. Det var eit lite eventyr då båtane la til kai i småbygdene langs kysten.


Erslund har gjort ein stor jobb både i Noreg og Storbritannia med å henta inn opplysningar og bilete.

Framsidedelet er genialt, det er ein manipulasjon av ubåtjagar og passasjerskip med sogningar foran og engelskmenn bak.

Erslund har mellom anna vore rektor på Bømlo og arbeid i databransjen, men no driv han eige forlag i Bergen.

Det var og ei musikalsk ramme rundt bok-kvelden på Rød, ved gitaristane Morten Karlsen og Ivar Eriksen. Dei kallar seg 'Gutane frå Tedneholmen'.

Av Ola Matti Mathisen



Otto Erslund presenterer boka "Frå krigsskip til flaggskip" på Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen).